


# Sunde skule

«På same lag»



## Dagens organisering

### Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	154	124	124	-30
Kapasitet	350			
Kapasitetsutnytting i prosent	44%	35%	35,4%	
Ledig kapasitet	196			
Gjennomsnittleg klassestorleik	22			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	11,7			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	14,9			
Barn i SFO	68 av 91 som utgjer 75%			

Vedlegg 13  
**Bemanning**

Lærarårsverk	15
Av dette leiingsressurs	117%
Snittalder	42,2
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Musikk

**Økonomi**

Rekneskap 2022	kr 15 261 921
Budsjett 2023	kr 18 537 804
Rekneskap 2023	kr 17 755 123
Budsjett 23 utan SFO	kr 16 390 555
Rekneskap 23 utan SFO	kr 16 158 844
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr 104 928



*Kommunale tilbod og planar for utvikling*

Barnehage	Sunde barnehage ligg vegg i vegg. Vidare er skulen så nær sentrum at det truleg er fleire elevar som kjem frå barnehagar i sentrum.
Tilknyting til andre tenestetilbod	Sunde skule og Sunde barnehage er dei einaste tenestene som er plassert i området.
Bustad og næring	Det er ledige tomter på Farsund. Elles skal det vere mekling på eit areal ved skulen, som vil legge til rette for mindre bustader for småbarnsforeldre. Noko næringsareal ved Dyrshaugen, og vesentleg ved Moskog.

*Bygningsmessige forhold*

Byggjeår	1960 (oppgradert 05, 11 og 18)
Areal	3524
Teknisk stand /oppgraderingbehov	Behov for rehabilitering av dekke gymsal. Generell god tilstand. Utfordringar med ventilasjonsanlegg kombinasjon kjøkken/klasserom, ikkje optimal løysing. Det er etablert nytt bergvarmepumpesystem væske-vatn.

*Andre forhold*

Avstand Førde sentrum	6,6 km
Avstand til Slåtten skule	6,5 km
Avstand til Førde barneskule	6,7 km (før ny bru ved Førdehuset)
Forhold ved skulevegen	Utrygg skuleveg oppover mot Sundsdalen. Utanom det er det gang og sykkelsti. 37 elevar får skuleskyss, 7 av dei grunna kommunale vedtak. Skulen har etablert Hjartesone.



## Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- To pedagogar i basisfag og tidleg innsats.
- Bruk av digitale tavler og stasjonsundervisning.
- Høgt profesjonsfagleg samarbeid og jamleg refleksjon over eigen praksis.
- Godt etablert system for opplæring frå 1. til 7. trinn.
- Oversiktleg skulemiljø som bidrar til tryggleik og godt læringsmiljø.
- Passande storleik på klassar og utdanna lærarar i alle undervisningsfag.
- Stabilt personale.

Forbetningsområder

- Auka tilbod av praktisk-estetiske fag og praktisk læring.
- Utvikle vurderingspraksisen vidare.
- Avstanden til sentrum reduserer tilgang til praktiske læringsopplegg (besøke bedrifter m.m.).

### Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Løysingsorientert personale som tilpassar seg endringar.
- Aldersblanda aktivitetar og eit godt verdigrunnlag.
- Bra styrking av begynnaropplæringa og ressursfordeling etter behov.
- Godt samarbeid mellom skule og heim.
- Det er etablert Hjartesone kring skulen.

Forbetningsområder

- Behov for ytterlegare tilrettelegging for elevar med særlege behov.
- Styrke SFO-tilbodet i nærmiljøet for å redusere behovet for transport.
- Vidareutvikle støttetenester som PPT og helsesjukepleiar.

### Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen fungerer som ein sentral møteplass og har god tilgang til nærmiljøet.
- Viktig for busetnaden og trivselen i området.

Forbetningsområder

- Auka bruk av lokale ressursar som museum og landbrukskulen ved å forbetre gang- og sykkelvegar.
- Eigen minibuss kunne styrka sjølvstende, og gjort skulen i stand til å nytt nærmiljøet i større grad.

### Andre innspel

- Byggmessige og fysiske forhold har positive effektar på læringsmiljøet.
- Gymsalen er for liten for enkelte klassar.
- Vurdere strukturendringar for å behalde eller auke elevtalet, som kan inkludere sentralisering av ungdomstrinnet og styrking av småskulane.
- Kommunen bør vurdere å sjå skulestruktur og barnehage i samanheng.



## Prosjektgruppa si oppsummering

### No-situasjonen

Sunde skule står fram som ein institusjon med eit solid pedagogisk fundament og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for elevane.

Det er lærarar med godkjent utdanning i alle undervisningsfag og ein klassestorleik som vert opplevd som passande.

Skulen har også gode fysiske forhold etter oppgraderinga i 2018, og det er mykje ledig kapasitet i bygget. Framskrivinga syner 100 elevar i 2025, 2/3 av dagens elevtal, noko som betyr at den ledige kapasiteten vil auke ytterlegare.

Det er framheva behov for å styrke tilbodet av praktisk-estetiske fag og vidare utvikling av vurderingspraksisen.

Sjølv om skulen ligg nær sentrum er det ikkje lett for skulen å nytte seg av fasilitetane som er der, då det er behov for transport.

### Kva kan dette bety for skulen i framtida

#### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte lærarar kan bli ei utfordring på sikt. Med redusert elevgrunnlag vil ein også ha færre stillingsheimlar. Det fører til at kompetansen ein søker etter blir meir konkret, for å dekke kompetansekrava.
- Med redusert elevtal vil også det økonomiske spelerommet bli redusert, noko som kan føre til at rektor ikkje kan vere like fleksibel i møte med elvar med särlege behov.
- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Sunde skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samanheng med at færre teknisk grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

#### Organisering

- Det vil bli behov for å vidareutvikle organiseringa av skulen for å møte endringar i elevtalsutviklinga. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar, og klassedeling.
- Med berre 100 elevar vil ein i snitt ha 14 elevar i kvar klasse, noko som kan bety at skulen må over til fådelt klassestegsorganisering. Altså færre klassar per trinn, eventuelt undervisning i klasser/grupper med fleire årstrinn saman.

#### Lokalsamfunn (Struktur)

- Det skal ei massiv utbygging, og sirkulasjon i eksisterande bustadmasse, til for å oppretthalde elevtalet, og utnytte kapasiteten ved skulen. Det er lite truleg at ein vil sjå så store endringar i befolkningssamansetninga i skulekrinsen. Derfor vil krinsgrenseendringar vere naudsint for å tilføre skulen elevar.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på (Lenke til websak-postlista)

